


## **Editorial 2 Nordidactica 2019:3**

### **Informasjon om den redaksjonelle prosessen**

**Roar Madsen & Camilla Stabel Jørgensen**



**Nordidactica**

**- Journal of Humanities and Social Science Education**

**2019:3**

Nordidactica – Journal of Humanities and Social Science Education

Nordidactica 2019:3

ISSN 2000-9879

The online version of this paper can be found at: [www.kau.se/nordidactica](http://www.kau.se/nordidactica)

## **Editorial 2 Nordidactica 2019:3**

### **Informasjon om den redaksjonelle prosessen**

Roar Madsen & Camilla Stabel Jørgensen

Anna Larsson og Johan Samuelsson har vore vitenskaplege redaktørar for dette temanummeret av Nordidactica. Dei er og forfattarar av vitenskaplege arbeid i same nummer. Det har gjort det naudsynleg å gjera nokon tilpassingar av redaktør-praksisen. Dette fordi det skal vera tydeleg for lesarar at Nordidactica held oppe viktige standardar og prinsipp for habilitet, fagfellevurderingar og integritet. I dette nummeret har dette vore handtert slik:

Dei vitenskaplege redaktørane for 2019 og 2020, Roar Madsen og Camilla Stabel Jørgensen, har funne og oppnemnd fagfeller for arbeida til Larsson og Samuelsson. Dei har og formidla fagfellevurderingane og eigne redaksjonelle vurderingar til Samuelsson og Larsson, og dessutan teke avgjerd om publisering av arbeida deira. Dei to temanummer-redaktørane har hatt ansvaret for fagfelleoppnemning, forfattarkontakt og avgjerder om publisering av dei andre arbeida i temanummeret. Eit delvis unnatak for dette er eit arbeid som fyrst var tenkt til eit ope nummer av Nordidactica, men som i prosessen vart «flytta» til dette temanummeret.

Stabel Jørgensen og Madsen har og godkjend hovueditorial i dette nummeret, fordi denne – etter vanleg praksis - omtalar alle publiserte arbeid, med andre ord ogso Larsson og Samuelsson sine eigne arbeid. I tillegg har Stabel Jørgensen og Madsen utarbeidd den teksten du no les, som presiserer rolla til dei «faste» vitenskaplege redaktørane i dette temanummeret/den redaksjonelle praksisen i dette nummeret.